

KONTAKTPERSON:

Huset i bygda
Christoffer Knagenhjelm
Rådgjevar for kulturygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane
Mob.: 48004817
E-post: christoffer@ungdomslag.no

**Sogn og Fjordane
Ungdomslag**

ORGNR. 974805677
WWW.SOFUL.NO
[HTTPS://WWW.FACEBOOK.COM/SOFUL/](https://WWW.FACEBOOK.COM/SOFUL/)

KULTURBYGGKONFERANSE 2018

3. november arrangerer Huset i Bygda (HiB) og Sogn og Fjordane Ungdomslag kulturyggkonferanse på Eikås Ungdomshus i Jølster. Målgruppa for konferansen er alle som er involvert i frivillig arbeid, og konferansen er støtta økonomisk av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Forsamlingshusa på bygdene er svært viktig som sosiale møtestader, som arena for utøving av kultur, og som kulturminne. Dei organisasjonseigde kulturygga – ungdomshusa, grengehusa, samfunnshusa og bygdehusa – er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats. "Huset i bygda" betyr mykje for samhaldet, identiteten og aktiviteten i små og større bygder og byar.

Huset i Bygda får ofte spørsmål frå huseigarar og andre som er involvert i lokale kulturygg om korleis det er mogleg å auke engasjementet og aktivitetar knytt til sine hus. Tema for årets kulturyggkonferanse er difor innbyggarmedverknad og korleis lagseigde forsamlings- og kulturygg kan bli betre på å aktivisere og engasjere born- og ungdom. Tilskotsordningar og søknadsskriving vil òg vere eit viktig tema.

Oddmund Klakegg, ordførar i Jølster, vil opne konferansen. I tillegg kjem fleire inspirerande föredragshaldarar, som Tuba Ardic frå Balestrand Ungdomslag, kultursjef Pål Fidjestøl frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane og Irene Hegge Guttormsen frå Nidelv ungdomslag i Arendal.

Ved å invitere föredragshaldarar og å fokusere på gode døme frå både lag og privatpersonar som har lukkast i sitt arbeid med å engasjere vonar vi å skape debatt og diskusjon om desse viktige temaa på kulturyggkonferansen.

OM SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG OG HUSET I BYGDA:

Sogn og Fjordane Ungdomslag er del av Ungdomslagsrørsla, stifta i 1896. Som del av ein leiande kulturorganisasjon i Noreg har vi ansvar for å ta vare på og fornye den tradisjonelle folkekulturen. Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) vart skipa i 1991 etter at Sogn Ungdomslag, Firda Ungdomslag og Sunnfjord Ungdomslag slo seg saman til eit fylkeslag. I fylket har vi i dag underkant av 40 lokallag. SOFUL er bindeledd mellom Noregs Ungdomslag (NU) og desse lokallaga i Sogn og Fjordane.

Som del av ein landsdekkjande organisasjon dekker vi frivillig kulturarbeid og bidreg med kursverksemeld innan folkedans, folkemusikk revy, teater, idrett og andre typiske klubbaktivitetar for folk i alle aldrar. Einskilde lag i fylket har òg ansvar for kinodrift.



PRESSEMELDING**9.10.2018**

SOFUL er òg viktig for ivaretaking av nynorsk gjennom publiserings- og mediearbeid og anna kulturelt arbeid for å ivareta nynorsk som skriftspråk.

SOFUL etablerte ordninga Huset i Bygda (HiB) i 2010. Formålet med HiB er å hjelpe, støtte og inspirere alle formar for organisasjonseigde kulturbygg i Sogn og Fjordane. Slik voner SOFUL og HIB å medverke til å skape meir synlege, sterkare og relevante kulturbygg med allsidig og inkluderande aktivitetar og tilstellingar.

